



## MØTEBOK

<b>Organ</b>	<b>Fylkestinget</b>
<b>Møtestad</b>	<b>Førde - Scandic Sunnfjord Hotel &amp; Spa</b>
<b>Møtedato</b>	<b>13.10.2015</b>
<b>Kl.</b>	<b>10:00 - 17:30</b>

År 2015 den 13. oktober kl 10.00 kom fylkestinget i Sogn og Fjordane saman til fylkesting på Scandic Sunnfjord Hotel & Spa, Førde.

Medlemmane i fylkestinget var kalla inn til fylkestinget ved e-post av 1. oktober 2015.

Tingmøtet vart opna av fylkesordførar Åshild Kjelsnes. Ho las kunngjeringa og innkallinga til møtet. Kunngjeringa og innkallinga vart godkjent.

Det vart halde namneopprop og desse representantane møtte:

### **ARBEIDERPARTIET:**

Åshild Kjelsnes  
Hilmar Høl  
Nils P. Støyva  
Karianne Torvanger  
Torbjørn Vereide  
Jorunn K Eide Kirketeig  
Odd Atle Stegegjerdet  
Eva Hage Solstad  
Henrik Oppen  
Helen Hjertaas  
Arve Helle

### **SENERPARTIET:**

Jenny Følling  
Anders Ryssdal  
Karen Marie Hjelmeseiter  
Anita Nybø  
Arnstein Menes  
Gunn Åmdal Mongstad  
Nils Asbjørn Gjerland  
Per Atle Kjøllesdal  
Björg Bergheim  
Aleksander Øren Heen

### **HØGRE:**

Noralv Distad  
Bjørn Erik Hollevik  
Olin Johanne Henden  
Ole Gunnar Krakhellen  
Frida Melvær  
Arve Harald Mjømen  
Liv Bessie Stave

### **FRAMSTEGSPARTIET:**

Frank Willy Djuvik  
Rita Navarsete  
Britt Hilda Dalsbotten

### **VENSTRE:**

Klaus Arne Iversen

Alfred Bjørlo  
Marit Barsnes Krogsæter

**KRISTELEG FOLKEPARTI:**

Trude Brosvik  
Olav Klungre  
Norunn Lunde Furnes

**SOSIALISTISK VENSTREPARTI:**

Norvall Nøringset  
Jan Olav Fretland

Fylkesordføreren sa møtet lovleg sett.

Fylkestinget song første verset av «Gud signe vårt dyre fedreland».

Etter framlegg frå fylkesordføreren valde fylkestinget Knut Henning Grepstad til sekretær og Marit Silje Husabø som referent.

Fylkestinget vedtok at alle representantane skulle skrive under møteboka.

Fylkesrådmann Tore Eriksen var til stades.

Fylkesordføreren opplyste at sakene var sendt ut slik:

Sakene 29/15 - 38/15	Sendt ut 5. oktober 2015
Sak 45/15	Sendt ut 12. oktober 2015

Saklista vart godkjent.

Ordfører i Førde, Olve Grotle, helsa fylkestinget.

Trafikktryggingssprisen 2015 vart delt ut til Redningsselskapet v/Torgeir Nergaard Berg på vegner av avdelingen i Sogn og Fjordane.

Bygdeutviklingsprisen 2015 vart delt ut til Åmot Operagard v/ Steinar Sørli og Yngve Brakstad.

Eva Hage Solstad fekk permisjon og deltok ikkje ved handsaming av sakene 29 – 34 og 45.

Harald Offerdal tok sete i tinget i staden for Hage Solstad. Arve Helle fekk permisjon og deltok ikkje ved handsaming av sakene 30 – 38. Harald Bjarte Reite tok sete i tinget i staden for Arve Helle ved handsaming av sakene 30 – 38.

Fylkestinget vedtok å sende ei helsing og ønskje Even Hovland og landslaget i fotball til lukke med landskampen mot Italia 13.10.2015

**SAK 29/15      Desisjon av møtebøkene for fylkesutvalet og hovudutvala 2014**

**VEDTAK:**

1. Rapport etter gjennomgang av møtebøkene for fylkesutvalet og hovudutvala 2014 vert teken til etterretning
- 

**SAK 30/15      Forvaltningsrevisjon - Læringsmiljø og PP-tenesta - rapport**

**VEDTAK:**

1. Rapport etter gjennomført forvaltningsrevisjon av læringsmiljøet i vidaregåande skule vert teken til etterretning
  2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen følgje opp revisor sine tiltak i kapittel 7 i rapporten.
  3. Fylkestinget ber fylkesrådmannen melde status på oppfølginga, og eventuell plan for vidare oppfølging, til kontrollutvalet innan 31. mars 2016.
- 

**SAK 31/15      Selskapskontroll 2015 - Informasjonsflyten mellom Fjord1 AS og fylkeskommunen**

**VEDTAK:**

1. Fylkestinget tek saka «selskapskontroll 2015 – informasjonsflyten mellom Fjord1 AS og fylkeskommunen» til vitande.
  2. Det må for framtida sikrast gode nok rutinar på informasjonsflyt slik at eigar gjennom Fylkesutvalet har tilfredstillande kunnskap til å utføre aktiv og god eigarskap.
  3. Fylkesrådmannen vert bedt om å legge fram ei sak med endring av reglement for politiske utval som sikrar at vesentleg informasjon gitt i møte vert dokumentert.
    - a. Blant anna skal all eigarskapsinformasjon dokumenterast.
    - b. Tema for alle munnlege orienteringar skal protokollerast.
- 

**SAK 32/15      Utbetring av kryss og fortau langs Fv. 609, søknad om fråvik**

**VEDTAK:**

Fylkestinget godkjenner Statens vegvesen si fråviknemnd si tilråding om fråvik frå krav i handbok N100 Veg- og gateutforming:

- a. Fråvik frå krav om maksimal stigning for gang- og sykkelveg/sykkelveg med fortau på maksimalt 5 %. (Jf. Tabell E.8 i handbok N100).
  - b. Fråvik frå krav til sekundervegen sin vertikale linjeføring på minimum 400 meter ved overgang til stigning i kryssområdet. (Jf. Figur E.3 i handbok N100).
- 

## **SAK 33/15      Vurdering av trafikktryggingsutvalet**

### **VEDTAK:**

1. Trafikktryggingsutvalet blir ikkje lagt ned.
  2. Utvalet får frå 20.10.2015 personsamanfall med hovudutval for samferdsle. Det skal haldast eigne møte som trafikktryggingsutval.
  3. Konsultative medlemmer blir innkalt til møta på same måte som i dag.
  4. Ordninga skal evaluerast innan utgangen av 2018. Dei konsultative medlemmane skal delta i evalueringa av ordninga.
- 

## **SAK 34/15      Valrett til styra i bustadstiftingane til sjukehusa i Sogn og Fjordane**

### **Frå fylkesutvalet låg det føre slik tilråding til vedtak:**

1. Fylkestinget overfører fylkesutvalet sin valrett til styra i bustadstiftingane slik:
  - a. Bustadstiftinga for fylkessjukhuset i Lærdal: to medlemmer, blant dei styreleiar, vert valt av styret i Helse Førde, medan ein medlem vert valt av vertskommunen.
  - b. Bustadstiftinga for fylkessjukhuset på Nordfjordeid: to medlemmer, blant dei styreleiar, vert valt av styret i Helse Førde, medan ein medlem vert valt av vertskommunen.
  - c. Bustadstiftinga for sentralsjukehuset i Sogn og Fjordane: to medlemmer, blant dei styreleiar, vert valt av Helse Førde, medan to medlemmer vert valt av Førde kommune ved bystyret med høve til vidare delegering til formannskapet.
  - d. Fylkestinget legg til grunn at dei med valrett samordnar seg med bakgrunn i omsyn til styret sitt samla kompetansebehov ut frå stiftinga si verksemd og stiftinga sitt føremål, samt reglane i stiftingslova § 27 om krav til styret si samansetning og § 27a om kjønnsrepresentasjon. Fylkestinget legg til grunn at ein tek omsyn til habilitetsregelen i stiftingslova § 37 ved val av styremedlem.
2. Overføringa av valretten føreset at den som får denne retten aksepterer ei slik overføring.
3. Dersom den som får denne valretten ikkje ynskjer slik overføring, skal valretten overførast til styret i Helse Førde i sin heilskap. Fylkestinget ser i tilfelle ikkje behov for at

styret i Helse Førde skal velje styreleiar, men at praksis held fram med at styret vel sin eigen leiar.

4. Fylkestinget ber stiftingane om å søkje omdanning i tråd med dette vedtaket.

#### **Endringsframlegg:**

**Arbeidarpartiet, Framstegspartiet og Venstre** sette fram slikt framlegg til vedtak:

Punkt 1 a-c i tilrådinga frå fylkesutvalet vert endra slik:

- a) Bustadstiftinga for fylkessjukhuset i Lærdal: styret sine medlemmer vert valt av vertskommunen.
- b) Bustadstiftinga for fylkessjukhuset på Nordfjordeid: styret sine medlemmer vert valt av vertskommunen.
- c) Bustadstiftinga for sentralsjukehuset i Sogn og Fjordane: styret sine medlemmer vert valt av vertskommunen.

**Senterpartiet og Kristeleg Folkeparti** sette fram slikt framlegg til vedtak:

Punkt 1 a til c i tilrådinga frå fylkesutvalet vert endra slik:

- a) Bustadstiftinga for Fylkessjukehuset i Lærdal: to medlemmer, blant dei styreleiar, vert valt av Lærdal kommune, medan ein medlem vert valt av Helse Førde.
- b) Bustadstiftinga for Fylkessjukehuset på Nordfjordeid: to medlemmer, blant dei styreleiar, vert valt av Eid kommune, medan ein medlem vert valt av Helse Førde.
- c) Bustadstiftinga for Sentralsjukehuset i Sogn og Fjordane: to medlemmer, blant dei styreleiar, vert valt av Førde kommune, medan ein medlem vert valt av Helse Førde.

#### **Avrøysting:**

Punkta 1a til c i tilrådinga frå fylkesutvalet fekk ingen røyster.

Framlegget til nye punkt 1a til c frå Arbeidarpartiet, Framstegspartiet og Venstre fekk 19 røyster.

Framlegget til nye punkt 1a til c frå Senterpartiet og Kristeleg Folkeparti vart samrøystes vedteke.

Punkta 1d, 2,3 og 4 i Fylkesutvalet si tilråding vart samrøystes vedtekne.

#### **Dette gir følgjande VEDTAK:**

1. Fylkestinget overfører fylkesutvalet sin valrett til styra i bustadstiftingane slik:
  - a. Bustadstiftinga for Fylkessjukehuset i Lærdal: to medlemmer, blant dei styreleiar, vert valt av Lærdal kommune, medan ein medlem vert valt av Helse Førde.
  - b. Bustadstiftinga for Fylkessjukehuset på Nordfjordeid: to medlemmer, blant dei styreleiar, vert valt av Eid kommune, medan ein medlem vert valt av Helse Førde.
  - c. Bustadstiftinga for Sentralsjukehuset i Sogn og Fjordane: to medlemmer, blant dei styreleiar, vert valt av Førde kommune, medan ein medlem vert valt av Helse Førde.
  - d. Fylkestinget legg til grunn at dei med valrett samordnar seg med bakgrunn i omsyn til styret sitt samla kompetansebehov ut frå stiftinga si verksemd og stiftinga sitt føremål, samt reglane i stiftingslova § 27 om krav til styret si samansetning og § 27a om kjønnsrepresentasjon. Fylkestinget legg til grunn at ein tek omsyn til habilitetsregelen i stiftingslova § 37 ved val av styremedlem.
2. Overføringa av valretten føreset at den som får denne retten aksepterer ei slik overføring.
3. Dersom den som får denne valretten ikkje ynskjer slik overføring, skal valretten overførast til styret i Helse Førde i sin heilskap. Fylkestinget ser i tilfelle ikkje behov for at

styret i Helse Førde skal velje styreleiar, men at praksis held fram med at styret vel sin eigen leiar.

4. Fylkestinget ber stiftingane om å søkje omdanning i tråd med dette vedtaket.

-----

## **SAK 35/15      Industristrategi.**

### **Frå fylkesutvalet låg det føre slik tilråding til vedtak:**

1. Fylkestinget i Sogn og Fjordane vedtek dokumentet Industristrategi for Sogn og Fjordane 2016–2025.
2. Industristrategien vert sett i verk som del av verdiskapingsplanen for 2014-2025 med ansvar for arbeidsoppgåver slik det går fram av strategien.
3. Politisk oppfølging av strategien skjer gjennom handsaming av årsplanen for verdiskapingsplanen.
4. I høve industripolitiske rammevilkår, vil fylkestinget særleg trekke fram god samordning av klima-, energi- og industripolitikken. Framtidig nett-tariffering må fordelast utan at industrien i vår region får urimelege ekstrakostnadar.

### **Endringsframlegg:**

**Arbeidarpartiet, Senterpartiet og Kristeleg Folkeparti** sette fram slikt framlegg til vedtak som tillegg i punktet: Delstrategi 2.2 Styrke yrkesfag for å støtte opp under rekrutteringsbehovet i industrien og sikre attraktive lokalmiljø:

«Ansvar: Lagt til fylkeskommunen ved opplæringsutvalet/fagopplæringsnemnda»

**Arbeidarpartiet** sette fram slikt framlegg til endring i punktet 7.1 Nasjonale politiske problemstillingar/rammevilkår som Sogn og Fjordane må jobbe for å fremme. Under Energi-, klima- og industripolitikk må samordnast i større grad enn i dag. Følgjande setning går ut:

«Nett-tariffen for sentralnettet må berast av dei som har behov for det, særleg dei som ynskjer å eksportere kraft»

**Avrøysting:** Endringsframlegget frå Arbeidarpartiet, Senterpartiet og Kristeleg Folkeparti, og endringsframlegget frå Arbeidarpartiet vart samrøystes vedtekne. Tilrådinga frå fylkesutvalet med dei endringar som følgjer av vedtaka ovanfor vart samrøystes vedteken.

### **Dette gir følgjande VEDTAK:**

1. Fylkestinget i Sogn og Fjordane vedtek dokumentet Industristrategi for Sogn og Fjordane 2016–2025 med slike endringar:  
Punktet Delstrategi 2.2 Styrke yrkesfag for å støtte opp under rekrutteringsbehovet i industrien og sikre attraktive lokalmiljø får slikt tillegg:  
«Ansvar: Lagt til fylkeskommunen ved opplæringsutvalet/fagopplæringsnemnda»  
  
I punktet 7.1 Nasjonale politiske problemstillingar/rammevilkår som Sogn og Fjordane må jobbe for å fremme, under Energi-, klima- og industripolitikk må samordnast i større grad enn i dag går følgjande setning ut:  
  
«Nett-tariffen for sentralnettet må berast av dei som har behov for det, særleg dei som ynskjer å eksportere kraft»

2. Industristrategien vert sett i verk som del av verdiskapingsplanen for 2014-2025 med ansvar for arbeidsoppgåver slik det går fram av strategien.
3. Politisk oppfølging av strategien skjer gjennom handsaming av årsplanen for verdiskapingsplanen.
4. I høve industripolitiske rammevilkår, vil fylkestinget særleg trekke fram god samordning av klima-, energi- og industripolitikken. Framtidig nett-tariffering må fordelast utan at industrien i vår region får urimelege ekstrakostnadar.

-----

## **SAK 36/15      Eigarmelding 2015**

### **Frå fylkesutvalet låg det føre slik tilråding til vedtak:**

1. Fylkestinget sluttar seg til vurderingane og prinsippa for eigarpolitikk i del I av eigarmeldinga, inkl. mål for eigarskapen, jf. vedlegg 1, del I, pkt. 1.2.
2. Fylkestinget sluttar seg til omtalen og vurderinga av dei einskilde selskapa og stiftingane i del II av eigarmeldinga, jf. vedlegg 1.
3. Fylkestinget legg følgjande til grunn for dei einskilde selskapa, jf. del II (jf. vedlegg 1):
  - a. Inntil anna eventuelt vert bestemt - vidareføre eigarskapen i følgjande selskap: F1 Holding AS, Fjord1 AS (gjennom eigarskapen i F1 Holding AS), Sogn og Fjordane Energi AS, Sogn og Fjordane Holding AS, Fjord Invest Såkorn AS, Fjord Norge AS, Framtidsfylket AS, Gulen og Masfjorden AS, Innovasjon Norge, Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane AS, Lutelandet Utvikling, Opplæringsfartøy AS, Kommunekraft AS, Interoperabilitetstjenester AS, Sogn og Fjordane Teater L/L, Trivselshagen IKS, Sogn og Fjordane Revisjon IKS og Vigo IKS, samt dei fire arbeidsmarknadsbedriftene Mentro AS, Origod AS, In Via AS og Sogneprodukt AS.
  - b. For dei andre selskapa syner fylkestinget til sitt vedtak i sak 33/14 punkt 2b, 3 og 4.

### **Endringsframlegg:**

**Venstre** sette fram slikt framlegg til tillegg til punkt 3b:

Tidlegare vedtak om avvikling av eigarskapen i Botnaneset Industriselskap AS vert å vurdere på nytt.

**Høgre** sette fram slikt framlegg til endring:

A. Nytt punkt 4:

Fylkestinget får framlagt eit justert kapittel 1.5 om exit-strategi i eigarskapsmeldinga i 2016. Målet er å konkretisere exit-strategi for selskap vi er eigar i, og nye selskap vi går inn i.

B. Endringsforslag i sjølve Eigarskapsmeldinga:

1. Kapittel 1.6 vurderingar ved avvikling av engasjement. Forslag til nytt punkt:  
Dersom det er sannsynleg at andre eigarar er betre eigna til å utvikle selskapet vidare.
2. Kapittel 1.8.1 om samfunnsansvar og etikk. Forslag til nytt punkt:  
Arbeider aktivt med rekruttering ved å ta inn lærlingar

### **Avrøysting:**

Framlegget frå Venstre fekk 13 røyster.

Punkt A i Høgre sitt framlegg fekk 16 røyster.

Punkt B 1 Høgre sitt framlegg fekk 26 røyster.

Tilrådinga frå fylkesutvalet og punkt B 2 i Høgre sitt framlegg vart samrøystes vedtekne.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

1. Fylkestinget sluttar seg til vurderingane og prinsippa for eigarpolitikk i del I av eigarmeldinga, inkl. mål for eigarskapen, jf. vedlegg 1, del I, pkt. 1.2, med slike tillegg:
  - A. Nytt punkt i kapittel 1.6 vurderingar ved avvikling av engasjement:.  
«Dersom det er sannsynleg at andre eigarar er betre eigna til å utvikle selskapet vidare.»
  - B. Nytt punkt i kapittel 1.8.1 om samfunnsansvar og etikk:  
«Arbeider aktivt med rekruttering ved å ta inn lærlingar»
2. Fylkestinget sluttar seg til omtalen og vurderinga av dei einsskilte selskapa og stiftingane i del II av eigarmeldinga, jf. vedlegg 1.
3. Fylkestinget legg følgjande til grunn for dei einsskilte selskapa, jf. del II (jf. vedlegg 1):
  - a. Inntil anna eventuelt vert bestemt - vidareføre eigarskapen i fylgjande selskap: F1 Holding AS, Fjord1 AS (gjennom eigarskapen i F1 Holding AS), Sogn og Fjordane Energi AS, Sogn og Fjordane Holding AS, Fjord Invest Såkorn AS, Fjord Norge AS, Framtidsfylket AS, Gulen og Masfjorden AS, Innovasjon Norge, Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane AS, Lutelandet Utvikling, Opplæringsfartøy AS, Kommunekraft AS, Interoperabilitetstjenester AS, Sogn og Fjordane Teater L/L, Trivselshagen IKS, Sogn og Fjordane Revisjon IKS og Vigo IKS, samt dei fire arbeidsmarknadsbedriftene Mentro AS, Origod AS, In Via AS og Sogneprodukt AS.
  - b. For dei andre selskapa syner fylkestinget til sitt vedtak i sak 33/14 punkt 2b, 3 og 4.

-----//-----

Representantane Per Atle Kjøllesdal og Olin Johanne Henden gjekk frå som inhabile ved handsaming av SFE.

Representanten Per Atle Kjøllesdal gjekk frå som inhabil ved handsaming av SF Revisjon.

Representanten Karen Marie Hjelmeseter og Ole Gunnar Krakhellen gjekk frå som inhabile ved handsaming av Lutelandet. Representanten Kjell Magne Åshamar tok sete i tinget i Hjelmeseter sin stad.

Representantane Åshild Kjelsnes, Noralv Distad og Anders Ryssdal gjekk frå som inhabile ved handsaming av Sogn og Fjordane Holding AS.

Representantane Åshild Kjelsnes og Karen Marie Hjelmeseter gjekk frå som inhabile ved handsaming av Botnaneset Industriselskap AS. Representanten Kjell Magne Åshamar tok sete i tinget i Hjelmeseter sin stad.

Representanten Nils P. Støyva gjekk frå som inhabil ved handsaming av In-Via AS.

Representanten Bjørg Bergheim gjekk frå som inhabil ved handsaming av Bustadstiftingane. Representanten Kjell Magne Åshamar tok sete i tinget i Bergheim sin stad.

Representanten Alfred Bjørlo gjekk frå som inhabil i handsaming av Norsk Fjordhestsenter.

-----

**SAK 37/15      Regionreforma**



**VEDTAK:**

1. Med tilvising til kommunal- og moderniseringsministaren sitt brev til fylkeskommunane av 2.07.15 (vedlegg 1) - «Invitasjon til å delta i reformprosessen» - ber fylkestinget om å få seg førelagt ei eiga sak til tingsetet i desember 2015 om korleis Sogn og Fjordane fylkeskommune bør møte regionreforma.
2. Nemnde sak bør byggje på – og vidareutvikle – fylkesrådmannen sitt notat (21.09.15) til gruppeleiarane i fylkestinget sitt møte 28.09.15 (vedlegg 3). Nemnde sak/saksførebuing må likevel ha i seg tilstrekkeleg fleksibilitet i høve dei initiativ som måtte bli tekne i høve regionreforma fram mot fylkestinget i desember 2015.
3. Innafor desse rammer slutter Sogn og Fjordane fylkeskommune seg til forslaget «Prosjekt Regionreform» som er fremja av KS og Fylkesordførarkollegiet sitt arbeidsutval (vedlegg 4)

-----

**SAK 38/15      Tertialrapport 2/15**

**VEDTAK:**

**A. Det vert gjort slike endringar i driftsbudsjettet for 2015**

- 1      Budsjettert fylkeskatt vert redusert med 7,000 mill. kr.
- 2      Rammetilskotet vert auka med 24,385 mill. kr.
- 3      Føresette inntekter på rentekompensasjonsordningane vert redusert med 2,300 mill. kr.
- 4      Budsjetterte utgifter til renter og avdrag vert redusert med 2,300 mill. kr.
- 5      Konesjonskraftinntektene vert redusert med 1,800 mill. kr.
- 6      Avsetting til disposisjonsfond vert auka med netto 17,000 mill. kr med slik fordeling:

Bruk av disposisjonsfond

<i>Reduksjon i lokale inntekter vert saldert mot bufferfondet</i>	<i>1,800 mill. kr</i>
<i>Fondsmidlar til juridisk honorar</i>	<i>1,200 mill. kr</i>

Avsetting til disposisjonsfond

<i>«Fylkesvegar – vedlikeholdsmidlar»</i>	<i>20,000 mill. kr</i>
---	------------------------

- 7      Sektorbudsjettet til forvaltning vert redusert med 2,500 mill. kr med slik fordeling:  
*Teneste 4200 Administrasjon vert redusert med 3,700 mill. kr.*  
*Teneste 4800 Juridisk honorar vert auka med 1,200 mill. kr.*
- 8      Sektorbudsjettet til opplæring vert redusert med 11,246 mill. kr med slik fordeling:  
*Teneste 5100 Utgifter til lokale vert redusert med 4,800 mill. kr.*  
*Teneste 5150 Forvaltning og fellesutgifter vert redusert med 1,400 mill. kr.*  
*Teneste 5200 Pedagogisk leiing m.v. vert redusert med 0,664 mill. kr.*  
*Teneste 5201 Pedagogiske fellesutgifter vert redusert med 3,200 mill. kr.*

*Teneste 5202 Gjestelevar vert redusert med 0,500 mill. kr.  
Teneste 5210 Utdanningsprogramma vert auka med 0,500 mill.kr.  
Teneste 5313 Jordbruksskulegardar vert redusert med 0,100 mill. kr.  
Teneste 5613 Oppfølgingstenesta vert redusert med 0,182 mill.kr,  
Teneste 5701 Opplæring i bedrift vert redusert med 1,400 mill. kr.  
Teneste 5702 Fagprøvar vert auka med 0,500 mill. kr.  
Teneste 5810 Vaksenopplæring vert auka med 0,500 mill. kr.  
Teneste 5903 Karriererettleiing vert redusert med 0,500 mill. kr.*

- 9 Teneste 7019 Andre næringsområde vert auka med 1,500 mill. kr. Midlane vert nytta til etablering av eit preså Kornfond.
- 10 Sektorbudsjettet til kultur vert auka med 0,550 mill. kr med slik fordeling:  
*Teneste 7500 Kulturminnevern vert auka med 0,100 mill. kr.  
Teneste 7710 Kunstformidling vert auka med 0,450 mill. kr.*
- 11 Sektorbudsjettet til samferdsle vert auka med 11,781 mill. kr med slik fordeling:  
*Teneste 7221 Driftsmidlar overført til investering vert auka med 30,281 mill. kr.  
Teneste 7222 Fylkesvegar – drift og vedlikehald vert auka med 5,700 mill. kr.  
Teneste 7223 Fylkesvegar uforutsette hendingar vert redusert med 21,400 mill.  
kr.*  
*Teneste 7300 Buss – Kjøp av teneste vert redusert med 0,500 mill. kr.  
Teneste 7301 Buss – Skuleskyss grunnskulen vert auka med 0,400 mill. kr.  
Teneste 7302 Buss – Skuleskyss vgs. vert redusert med 0,700 mill.kr.  
Teneste 7303 Ungdomstilbod vert redusert med 1,300 mill. kr.  
Teneste 7306 Buss – Diverse vert redusert med 0,700 mill. kr.  
Teneste 7310 Fylkesvegferjer vert auka med 4,700 mill. kr.  
Teneste 7321 Båt – skuleskyss/veglause grender vert redusert med 0,600 mill. kr.  
Teneste 7322 Båt – Ekspress- og lokalruter vert redusert med 2,800 mill. kr.  
Teneste 7331 Tilrettelagt transport vert redusert med 1,300 mill. kr.*
- 12 I høve sluttsaldering av kostnader knytt til brannen i Skatestraumtunnelen får fylkesrådmannen fullmakt til å saldere avrekning av tildelt skjønstilskot frå KMD og eventuell erstatning frå eigar av vogntoget si ansvarsforsikring mot skadefondet for fylkesvegnettet.

#### **B. Det vert gjort slike endringar i kapitalbudsjettet for 2015**

- 1 Investeringsprogrammet for bygg med tilhøyrande finansieringsplan vert endra i samsvar med vedlegg 1.
- 2 Investeringsprogrammet for fylkesvegar med tilhøyrande finansieringsplan vert endra i samsvar med vedlegg 2.

#### **C. Andre område**

- 1 Rapportering på finansporteføljen i vedlegg 3 vert teken til vitande.
- 2 Rapportering på konsesjonskraftomsetjing i vedlegg 4 vert teken til vitande.

-----

### **SAK 45/15 Kostnad med naudnett i fv. 55 Høyangertunnelen**

**Frå fylkesutvalet låg det føre slik tilråding til vedtak:**

Det vert lagt til rette for etablering av naudnett og DAB-radio i samband med utberinga av Høyangertunnelen. Tiltaket vert finansiert med 20 millioner kroner av posten for vedlikehald av fylkesvegnettet.

**Endringsframlegg:**

**Arbeidarpartiet, Høgre, Framstegspartiet, Venstre og Kristeleg Folkeparti** sette fram slikt framlegg til vedtak:

Det vert lagt til rette for etablering av naudnett og DAB-radio i samband med utberinga av Høyangertunnelen. Tiltaket vert finansiert med inntil 20 millionar kroner av posten for vedlikehald av fylkesvegnettet. Fylkesrådmannen tek kontakt med Høyanger kommune for å avklare eventuell medfinansiering.

**Senterpartiet** sette fram slikt framlegg som tillegg til framlegget frå Arbeidarpartiet, Høgre, Framstegspartiet, Venstre og Kristeleg Folkeparti:  
Høyangertunnelen, som lengste fylkesvegtunnelen i fylket, er i ei særstilling for installering av naudnett. Naudnett i denne tunnelen vil ikkje gje presedens for seinare saker.

Fylkestinget ber fylkesordføraren ta opp saka med Samferdsledepartementet med tanke på å:  
a) endre kriterie for naudnett i tunnellar slik at tunnallengde vert eit vesentleg kriterium samtidig som krav til ÅDT må reduserast vesentleg.  
b) få dekkja kostnadene med installering av naudnett i Høyangertunnelen.

**Avrøysting:**

Framlegget frå Arbeidarpartiet, Høgre, Framstegspartiet, Venstre og Kristeleg Folkeparti vart samrøystes vedteke.

Tillegget frå Senterpartiet fekk 10 røyster.

Tilrådinga frå fylkesutvalet kom ikkje opp til avrøysting.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

Det vert lagt til rette for etablering av naudnett og DAB-radio i samband med utberinga av Høyangertunnelen. Tiltaket vert finansiert med inntil 20 millionar kroner av posten for vedlikehald av fylkesvegnettet. Fylkesrådmannen tek kontakt med Høyanger kommune for å avklare eventuell medfinansiering.

-----

Fylkesordføraren takka fylkestinget og dei som hadde teke del i avviklinga av tingseta.

Fylkesvaraordførar Jenny Følling takka fylkesordføraren for god møteleiing.

Fylkestinget song "Vil Gud ikkje vera bygningsmann".

Møteboka vart opplesen og godkjent.

Fylkestinget 13.oktober 2015 på Scandic Sunnfjord Hotel & Spa, Førde kommune, det siste i 4 års perioden, er slutt.

Åshild Kjelsnes  
Torvanger  
Odd Atle Stegegjerdet  
Helen Hjertaas

Hilmar Høl  
Torbjørn Vereide  
Eva Hage Solstad  
Arve Helle

Nils P. Støyva Karianne  
Jorunn K Eide Kirketeig  
Henrik Oppen

Jenny Følling  
Anita Nybø  
Nils Asbjørn Gjerland

Anders Ryssdal  
Arnstein Menes  
Per Atle Kjøllesdal

Karen Marie Hjelmeseter  
Gunn Åmdal Mongstad  
Bjørn Bergheim

## Møtebok Fylkestinget 13.10.2015

Aleksander Øren Heen

Noralv Distad  
Ole Gunnar Krakhellen  
Liv Bessie Stave

Frank Willy Djuvik

Klaus Arne Iversen

Trude Brosvik

Norvall Nøringset

Bjørn Erik Hollevik  
Frida Melvær

Rita Navarsete

Alfred Bjørlo

Olav Klungre

Jan Olav Fretland

Olin Johanne Henden  
Arve Harald Mjømen

Britt Hilda Dalsbotten

Marit Barsnes Krogsæter

Norunn Lunde Furnes

Knut Henning Grepstad  
sekretær